

**Fra:** Erik Kvalheim (Erik.Kvalheim@etne.kommune.no)

**Sendt:** 03.05.2016 15:46:25

**Til:** Hans-Christian Engum

**Kopi:** Siri Klokkestuen; Aleheim, Åse

**Emne:** VS: ANG. ENDRINGER I RETNINGSLINJER TIL "REGIONAL PLAN FOR AREAL OG TRANSPORT PÅ HAUGALANDET"

**Vedlegg:** image001.png;image002.png

Hei.

Viser til din e-post 29.4.16. Under er vår tilbakemelding. Undervegs i prosessen siste par månedene kom vi med innspel om endringar til landbruksdelen, på dei same to punkta som nemnt under. Våre innspel blei berre delvis tekne til følge. Vi tek her med grunngjevinga for innspela våre, slik at De kan sjå korleis vi har tenkt. Tilbakemeldinga er gjort i samråd med ordførar Siri Klokkestuen, og vi har vore i kontakt med Sveio kommune. Sveio sender eit eget svar.

### **1. Om retningslinje 27. Kjerneområde landbruk.**

Etne kommune er positive til tillegget om at endelig avgrensing av kjerneområda skal skje i kommuneplanane. Vi ønska i tillegg ei bør-formulering i siste setning: *Spredt utbygging i kjerneområdene til formål utenfor landbruksnæringa bør ikke tillates (står no "tillates ikke")*.

#### Vår grunngiving:

Planen sitt konsept er BY OG LAND (vår understreking), den må såleis også ta omsyn til dei mindre distriktskommunane med lågt innbyggjartal og spreitt busettingsmønster. Vi ønskjer **ikkje** å bygge ned dyrka/dyrkbar mark eller viktig kulturlandskap, men ønskjer ei opning for (unnataksvis) å kunne vurdere nye einskildbustadar eller husklyngar **på utmark** i desse områda, der dette ikkje strir mot andre interesser. Mange av kjerneområda er svært store (10-15 km<sup>2</sup>, inkl. heile Etnebygda), og der er stadvis mykje utmark innimellom dyrka areal, terrengformar som bryt opp heilskapen o.l. Primært vil vi sjølvstøtte støtte opp under den etablerte senterstrukturen vedr. bustadbygging, men vi ønskjer i tillegg en opning for unnataksvis å kunne vurdere utmarksareal i krinsane til einskildbustadar. Retningslinje nr. 27 er for kategorisk i mot dette, meiner vi.

### **2. Om forvaltning av LNF-områder.**

Kapitlet er redusert noko i siste gjennomgang. Forut for denne gjennomgangen var det vårt ønske at heile kapitlet skulle utgå frå planen, i alle høve det som tidlegare heit retningsline nr. 29-34. Mesteparten av innhaldet her er regulert av andre lovverk, særleg jordlova og plan- og bygningslova, og det er då unødvendig og overflødig å ha dette med i regional plan (på same bakgrunn kan vi hevde at dette då er ei "mindre endring"). Det fins også statleg rettleiingsmateriell for nokre av temaa (m.a. laga av fylkesmannen i Hordaland), t.d. gardstilknytt tilleggsnæring og endra bruk av gamle driftsbygningar. I tillegg er det urimelig at to kommunar i Hordaland skal ha mykje strengare reglar på dette området er resten av fylket.

Av dei to punkta over har nok ønsket om endringa i siste del av retningsline nr. 27 vore aller viktigast for oss, om vi må jamføre dei.

Ta gjerne kontakt, dersom spørsmål utover dette.

Mvh

**Erik Kvalheim**

Rådgivear plan og miljø, Utvikling

Direkte: 53758221

Mobil: 98605972

E-post: erik.kvalheim@etne.kommune.no



ETNE KOMMUNE • Postboks 54, 5591 Etne  
Tlf. 53 75 80 00 • Faks: 53 75 80 01

firmapost@etne.kommune.no  
www.etne.kommune.no

trygg • raus • engasjert



---

**Fra:** Hans-Christian Engum [<mailto:Hans-Christian.Engum@hfk.no>]

**Sendt:** 29. april 2016 12:35

**Til:** Aleheim, Åse ([Ase.Aleheim@sveio.kommune.no](mailto:Ase.Aleheim@sveio.kommune.no)); Erik Kvalheim

**Emne:** VS: ANG. ENDRINGER I RETNINGSLINJER TIL "REGIONAL PLAN FOR AREAL OG TRANSPORT PÅ HAUGALANDET"

Hei.

Vedlagt finn de fylkeskommunane sine forslag til endringar i Haugalandsplanen. Desse har de heilt sikkert allereie sett. Eg ville berre høyre kva de tenkjer om landbruksdelen i dette.

Fint om de kunne svare kjapt.

Venleg helsing

**Hans-Christian Engum**

spesialrådgjevar

Regionalavdelinga | planseksjonen



Tlf: 55 23 90 22 | Mob: 97 14 78 48

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

---

**Fra:** Bernt Østnor [<mailto:bernt.ostnor@rogfk.no>]

**Sendt:** 19. april 2016 09:15

**Til:** Solveig Ege Tengesdal; Marianne Chesak; Janne Johnsen; [terje.halleland@vindafjord.kommune.no](mailto:terje.halleland@vindafjord.kommune.no); Arne Bergsvåg; [kjetil.hestad@gmail.com](mailto:kjetil.hestad@gmail.com); [Arne-Christian.Mohn@haugesund.kommune.no](mailto:Arne-Christian.Mohn@haugesund.kommune.no); [May.Britt.Vihovde@haugesund.kommune.no](mailto:May.Britt.Vihovde@haugesund.kommune.no); [jarle.nilsen@karmoy.kommune.no](mailto:jarle.nilsen@karmoy.kommune.no); [lmk@fatland.no](mailto:lmk@fatland.no); [tormod.vaga@bokn.kommune.no](mailto:tormod.vaga@bokn.kommune.no); Siri Klokkestuen;

[asbjorn.birkeland@sauda.kommune.no](mailto:asbjorn.birkeland@sauda.kommune.no); [jorunn.skaaden@sveio.kommune.no](mailto:jorunn.skaaden@sveio.kommune.no); [Sigmund.Lier@tysver.kommune.no](mailto:Sigmund.Lier@tysver.kommune.no); [ordfoerer@utsira.kommune.no](mailto:ordfoerer@utsira.kommune.no); [ole.johan.vierdal@vindafjord.kommune.no](mailto:ole.johan.vierdal@vindafjord.kommune.no); Heidi Bjerga; [kasaeboe@online.no](mailto:kasaeboe@online.no)

**Kopi:** Christine Haver; Gottfried Heinzerling; Bernt Østnor; Hans-Christian Engum; [may.britt.jensen@fmro.no](mailto:may.britt.jensen@fmro.no); [morten.sageidet@fmro.no](mailto:morten.sageidet@fmro.no); [postmottak@fmro.no](mailto:postmottak@fmro.no); [astrid.eide@vegvesen.no](mailto:astrid.eide@vegvesen.no)

**Emne:** ANG. ENDRINGER I RETNINGSLINJER TIL "REGIONAL PLAN FOR AREAL OG TRANSPORT PÅ HAUGALANDET"

Til styringsgruppen for «Regional plan for areal og transport på Haugalandet»

På styringsgruppemøtet 14. april framla fylkesordføreren forslag til endringer i retningslinjene som svar på kommunenes innspill i epost 21. mars og 12. april.

Følg brev og forslag til endringer ligger vedlagt. Dette oversendes også kommunenes postmottak.

Hilsen Bernt Østnor

Rådgiver Rogaland fylkeskommune

Tlf. 51 92 25 10 / 46 90 45 02

E-post: [bernt.ostnor@rogfk.no](mailto:bernt.ostnor@rogfk.no)